



VELKOMEN TIL PÅSKETREFF I HEILT NYTT EGGESKAL;
BLI-KJEND-FEST
I OPERAHUSET NORDFJORD 27. MARS

STAD 2020

MALAKOFF

HA FORTSATTEN I NØRDEFJORD

STAD VEKST

Eid kommune

eid

Til private og offentlege verksemder –
lag og organisasjonar i Eid og Nordfjord

Nordfjordeid, 05. februar, 2018

PÅSKETREFF i Nordfjord 2018

inviterer deg og di bedrift til å bli kjend med folk og næring i Nordfjord!

Set av kvelden 27. mars frå kl. 20.00 i Operahuset Nordfjord til «bli-kjend-fest» saman med fine folk - og eit spennande og mangfaldig næringsliv i Nordfjord!

Vi ønskjer igjen å invitere verksemder og kommunar til å vise fram kva vi har å tilby alle som er interessert i å *arbeide, bu, leve* eller *etablere* seg i Nordfjord til treff i påska.

I 2018 har Påsketreffet teke vare på det beste frå tidlegare år og lagt til rette for nye opplevingar; det vert ikkje eigne stands for kvar bedrift – men felles områder i Operahuset for samtalar over mat og drikke, der informasjon og underhaldning vert noko av det som skjer. Vi lovar gjensynsglede, hygge og fest saman med gamle og nye kjennskap, prat rundt god mat, godt drikke, god musikk og overraskingar.

(Inviter dykkar nettverk også til treffet ☺)

Tema og nøkkelord;

- *Bli kjend-med nye samarbeidspartar i Nordfjord*
- *Bli kjend-med potensielle nye medarbeidarar*
- *Bli kjend med mat i Nordfjord*
- *Bli kjend med etableringsmogelegheiter*
- *Bli kjend med Stad 2020 og Stad Vekst*
- *Bli kjend med Malakoff 2018*
- *Bli kjend med kva venner har gjort sidan sist*

Påsketreffet i Nordfjord har gjennom eit 10-år vore den største nettverks- og rekrutteringsarenaen i Nordfjord! Næringsliv, kommunar, skular og andre aktørar har vist

fram arbeids- og bu moglegheiter og delar av det spennande som skjer og som finnast i regionen! Påsketreffet har vore ein unik sjanse til å profilere seg, byggje nettverk og ikkje minst rekruttere arbeidskraft.

Nordfjord er i eit positiv og spennande driv, og nye Stad kommune vil gje folk og næringsliv i Nordfjord ein ny dimensjon i åra framover. – Endring skapar nye perspektiv og nye moglegheiter for heile regionen og for ny kommune. *Skal vi ta ut potencialet i dette, må vi møtast, bli kjende og ha det kjekt.*

Påsketreff 2018 skal vere for alle som vil ha ein real «bli-kjent-fest» – for deg som vil profilere bedrifta di, bli kjend med andre i næringslivet, for dei som vil søkje jobb eller kan tenke seg å flytte til Nordfjord – møte venner frå studietid og oppvekst. Her vil ein få moglegheit til å bli kjend med kva regionen og nye Stad kommune har av spennande tilbod og moglegheiter i næringslivet og kulturlivet.

- Og treffet er sjølvsagt for den som berre vil nyte påskefri i verdas vakraste region!

Vær med å profilere Nordfjord som felles bu- og arbeidsområde. Registrer di verksemd, og profiler Nordfjord saman med oss.

Vi har som målsetting:

- Minimum 500 personar med godt humør denne kvelden

Her er det moglegheiter for dykkar verksemd å verte betre kjende med resten av næringslivet, samt å profilere dykk mot potensielle arbeidstakarar.

Vi inviterer dykkar bedrift/organisasjon til å delta i **spleiselaget**. Kostnaden pr. verksemd er sett til kr. 6.000,- + mva., meir informasjon om detaljar vert utsendt seinare etter påmelding.

Prisen inkluderer alle kostnadar inkl. bevertning med velkomstdrikke. Vi vil vurdere å sette opp transport frå område i Nordfjord som eit ekstratilbod om det er behov.

Påmelding

Frist: 10. mars 2018 – *gjerne før, slik at vi tidleg kan profilere og samtidig får oversikt 😊*

Kontaktinfo, prosjektleiar, Nordfjordeid Næringshage v/Arild Hjelmeland

E-post: arild.hjelmeland@nykunnskap.no

Tlf: 0047-456 00 526

Vi har starta profilering av treffet, jf. invitasjonen som vedlegg, på nettsider og følg Facebooksida, lik/bruk ! <https://www.facebook.com/pasketreff> – inviter dykkar vener og kjende, samt aktuelle arbeidstakarar i dykkar nettverk!

Vedlegg:

1. Påskeinvitasjon – plakat

Med venleg helsing

Prosjektgruppa for Påsketreff 2018

v/prosjektleiar

Arild Hjelmeland



www.visitnordfjord.no